



Innkalling Hallingdal Ungdomsråd (HUR)

Tid: Mandag 21. november 2022, kl. 16.00 - 18.30

Sted: Gol kommunehus, kommunestyresalen

Nr	Navn	Rolle	Tilstades
1	Christian Gaptjern	Gol	Ja
2		Gol	
3	Øystein Torset Abrahamsen	Hemsedal	Ja
4	Kirubel Asghedom Assefaw	Hemsedal	Ja
5	Amalie Solheim	Hol	Ja
6	Alette Maurseth-Eng	Hol	Nei
7	Stein Erik Holto Roen	Ål	Ja
8	Emil Sehl Mørch	Ål / Medieansvarlig	Ja
9	Bjørn – Egil Tørrisen	Nes/ Nestleder	Ja
10	Ingeborg Sagabråten	Nes	Ja
11	Nathalie Adriana Haugen Edvardsen	Flå	Nei
12		Flå	
13	Linda Dalene Bjerke	Regionrådet for Hallingdal	Ja
14	Tore Haraldset	Ordfører Nesbyen	Ja
16	Tor Even Lysfjord	Sekretær Nesbyen Ungdomsråd	Ja



Saker:

Sak 13/22 Introduksjon nye medlemmar og informasjon om ansvaret ved deltaking i HUR

Nye medlemmar vart introdusert og fekk ein presentasjon av ansvaret ved deltaking i HUR.

Sak 14/22 Klimaengasjement

Korleis kan unge i Hallingdal engasjere seg meir i klima og bidra til at me når klimamåla innan 2030?

Medlemmane fekk ein presentasjon av korleis klimaet i Hallingdal vil sjå ut i 2100.


Det var gode diskusjonar blant medlemmene og einighet om at å kutte utslipp frå bilar er noko av det viktigaste. Då må kollektivtransporttilbodet bli betre. Ungdommen kunne tenke seg å ta ein el-busstur ned til Viken fylkeskommune for gjere ein markering. Dette tas opp i neste møte.

Det er også ynskje om kjeldesortering på offentlege stader. Dette er allereie spelt inn til Retura Valhall gjennom prosjektet berekraftig reisemål som eit del av tiltaka i Handlingsplanen. Sekretær sender ei oppfordring til Retura Valhall som støttar opp under forslaget.

Sak 15/22 Korleis kan HUR bidra i forsikringssamarbeidet i Hallingdal?

Tydeleg signal frå medlemmane i HUR om at mindre nærvær av politi fører til at fleire køyrer i ruspåverka tilstand, tar fleire sjansar, køyrer med overlast og brukar mobilen meir.

- Trafikkdag på Torpomoen bør også arrangerast for VGS elevar.
- Ynskjer politiet velkommen på skulene for å snakke om ruskøyring.
- Det er også ynskjeleg at ruskøyring blir lagt meir vekt på i Trafikalt grunnkurs saman med konsekvensane av å f.eks eta, ta ein snus, sjå på mobilen. Også ynskjeleg at det blir lagt opp til ein foreldre/ foresatt kveld på Trafikalt grunnkurs.
- HUR ynskjer politikontakt velkommen til HUR i januar.
- Det er også ynskjeleg med meir fokus på å bruke refleks. Nesbyen har reflekskonkurrans som fungerer bra. HUR kjøper inn refleksar og arrangerar reflekskonkurransar gjennom dei lokale ungdomsråda.



Orientering

- Yrkesmessa Hallingdal 4. – 5. januar
- HUR vil være med å lage Kahoot der det blir lagt vekt på trafikkforebyggande informasjon, kva engasjerer ungdommen, hallingmål. Medlemmane i HUR tar det med i lokale UR og lagar spørsmål og svaralternativ. Spørsmål blir sendt inn i fb-gruppa HUR Insider. Bjørn-Egil og Ingeborg tar ansvar for å lage Kahooten.
- Møteplan 2023
Sjå [Regionrådet - Hallingdal Ungdomsråd \(regionraadet.no\)](https://regionraadet.no) for møteplan 2023.
- «Ungdomens Hallingting»
Medlemmaen i HUR er veldig positive til ei samling der ungdomsråda i Hallingdal treffer kvarandre, har opplæring, arbeider med strategisk plan, møter representantar frå Viken ungdomsråd mm. Det hadde ført til trygging som medlemmar og ført til tettare kontakt mellom dei lokale ungdomsråda. Dette blir planlagt på møtet i januar. Korleis kunne ein fylt eit program til eit ungdomens hallingting?
- Helsesista på besøk 28. november kl. 19.00 i Gol kirke. Se informasjon her: [\(3\) Facebook](#) Skyss fra Hemsedal, påmelding kreves. Oppfordres at foreldre blir med.
- Presidenten i russens hovedstyre i Viken ei direkte oppfordring til politikarane om muligheten til å ha møteplassar for russen. Enten det er eit forsamlingshus der dei kan arrangere sjølv eller at ein utestad setter ned aldersgrensa. For russen handlar dette om inkludering og samhold.

Gol 23.11.22

For nestleder i HUR

Linda Dalene Bjerke

Sekretær

